

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA-M21	19/1237

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
68/2019	Formannskapet	PS	11.09.2019
45/2019	Kommunestyret	PS	25.09.2019

Bygging og finansiering av ny hovudvassleidning langs Mjåtveitvegen, utvida ramme

Vedlegg:

Bygging og finansiering av ny hovudvassleidning langs Mjåtveitvegen

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret godkjente i møte 19.06.2019, sak KS-34/2019, eit prosjekt for Vassleidning Mjåtveitvegen med ei ramme på kr 3,6 mill kroner eks mva. Prosjektet skal finansierast over investeringsbudsjettet ved mindreforbruk på andre vassprosjekt. Kommunen skal inngå justeringsavtale om meirverdiavgift for dei offentlege infrastrukturanlegga som Eigill Danielsen Stiftelse skal opparbeide i samband med utbygging av Danielsen ungdomsskule.

Kostnadskalkyle mm går fram av saksutgreiinga til KS-34/2019.

Rådmannen har nytta konsulenthjelp i forhandlingane, for å sikre at vi opptrer innafor regelverket for slike avtalar. Vassleidning langs Mjåtveitvegen er eit kommunalt prosjekt som blir realisert samstundes med utbygging av den private ungdomsskulen. Den formelle avtaleforma er ein utbyggingsavtale etter plan- og bygningslova kapittel 17. Utbyggingsavtalen blir behandla som eiga sak.

Plan- og bygningslova (pbl) kapittel 17 handlar om inngåing av utbyggingsavtalar. I § 17-3, 3. ledd er det krav om at utbyggingsavtalar skal gjelde «...tiltak som er nødvendige for gjennomføringen av planvedtak». Vidare står det at «slike tiltak må stå i rimelig forhold til utbyggingens art og omfang og kommunens bidrag til gjennomføringen av planen og forpliktelser etter avtalen». Dette blir til vanleg omtalt som krav til «nødvendighet» og «forholdsmessighet». Kort fortalt handlar desse krava om at rekkefølgetiltaka må vere nødvendige for utbyggjaren, og at det er grenser for kor mykje kommunen kan kreve av utbyggjar økonomisk sett (forholdsmessighet).

Ei definert øvre økonomisk grense for kva som er eit akseptabelt bidrag fins ikke. Dette vil i kvart tilfelle vere ei skjønsmessig vurdering ut frå m.a. lokalitet, planområde, omfanget av utbygging, kommunen sitt bidrag og ytingar gjennom avtalen, m.v.

Vurdering

Gjennom forhandlingsmøta er det avdekket eit behov for å sjå nærare på forholdet mellom kommunen sine kostnader og stiftinga sine kostnader.

Reguleringsplanen for Danielsen skule (planID 1256 2011 0005) har fleire rekkefølgjekrav som må vere oppfylt før skulen kan få mellombels bruksløyve, jfr. planføresegnene § 2.4.

Samanlikna med tilsvarende byggeprosjekt i tilsvarende område, er belastninga for Danielsen skule rekna for å vere høg, sjølv om kommunen har løyvd kr. 3,6 millionar for å løyse den kommunale infrastrukturen (vassleidningen). Denne vassleidningen har kommunen isolert sett stor nytte av. Det er derfor et ønskje om å redusere kostnadene for Danielsen, slik at den totale økonomiske belastninga går ned.

Ein måte å gjere dette på er at kommunen tar ein større del av kostnadene med opparbeiding av den offentlege infrastrukturen i planen. Den delen av kostnadene som kommunen kan vurdere å ta ein større del av, er knytt til grunnarbeidet. Kostnadene gjeld førebuande arbeid, fjellsikring og sprengingsarbeid nær bustadhuset i den vestre starten av traséen, grovt rekna til:

- Førebuande arbeid kr 25 000
- Fjellsikring kr 200 000
- Sprengingsarbeid kr 600 000

Til saman kr 825 000. Kostnadene kan finansiast over investeringsbudsjettet utan å auke ramma, ved overføring av midlar frå andre prosjekt. I dette tilfellet prosjekt Sanering av Rosslandspollen, som viser seg krev meir førebuingsarbeid før det er klartgjort som investeringsprosjekt. Dette førebuingsarbeidet er starta og endringa har ikkje verknad for framdrifta for Rosslandspollen.

Folkehelse – ikkje relevant

Miljø – ikkje relevant

Økonomi – går fram av saksutgreiinga

Konklusjon

Rådmannen rår til at ramma for prosjekt Vassleidning Mjåtveitvegen blir auka med kr 825 000 slik det går fram av saksutgreiinga.

Når kostnadene for utbyggjar går ned, samstundes som kommunen sitt bidrag aukar, er ein innafor formuleringane i pbl. § 17-3 om at kostnadene for utbyggjar skal vere «forholdsmessige», sjølv om dei er høge.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at ramma for prosjekt Vassleidning Mjåtveitvegen blir auka med kr 825 000 eks mva, finansiert over investeringsbudsjettet for vatn .»

Formannskapet - 68/2019

FS - behandling:

FS - vedtak:

Kommunestyret godkjenner at ramma for prosjekt Vassleiding Mjåtveitvegen blir auka med kr 825 000 eks mva, finansiert over investeringsbudsjettet for vatn.

Kommunestyret - 45/2019

KS - behandling:

KS - vedtak:

Kommunestyret godkjenner at ramma for prosjekt Vassleiding Mjåtveitvegen blir auka med kr 825 000 eks mva, finansiert over investeringsbudsjettet for vatn.